



# FOTBALLGRUPPA I SYRIL

## ÅRSMELDING 2022



## Innhald

1. Organisasjon 2022	3
2. Aktivitet	4
Generelt	4
Seriespel - påmelde lag sesongen 2022	5
Kretslag/sonelag	6
Sportslege tiltak i eigen klubb	6
Kurs/møter med eksterne	7
Trenarar og lagleiarar	7
Trenarar	7
Dugnader	8
Informasjon	8
Anlegg	8
Utstyr	9
Dommarar	9
Sponsorar	10
Heidersteikn	10
Oppsummering av året og vidare framover	11
3. Rekneskap 2022	12
4. Budsjett 2023	14
5. Årsmelding frå laga	14
Miniputt	14
Gutar 10	15
Jenter 10	16
Gutar 11	17
Jenter 11	19
Gutar 12	20
Gutar 13	21
Jenter 13	23
Gutar 14/15	27
Senior herre	27
Senior dame	29
Oversikt lagleiarar/trenarar	32

## 1. Organisasjon 2022

<b>Styret i fotballgruppa</b>		<b>Andre verv</b>	
Leiar	Birte Andersen Røysum	<b>Materialforvaltar</b>	Elin Falkgjerdet
Nestleiar	Erlend Husabø	<b>Dommarkontakt</b>	Christian Kleiven
Sportsleg leiar		<b>Dommarginer</b>	Jarle Andersen
Arrangement	Anja Hamre		Christian Kleiven
Aldersbestemt	Reimund Breisnes Loven		Mette Stokkenes
Senior	Andreas Thue	<b>Sportsleg utval</b>	Erlend Husabø
Miniputt	Sturle Rode Rio		Reimund B.Loven
Økonomi	Tatjana Grbic		Siri Beate England
			Kristian Berg
<b>Valnemnd</b>	Runa Aaland Eggum		Linda Fossberg
	Rune Henjesand		
	Cecilie Høgheim	<b>Miniputtgruppe</b>	Sturle Rode Rio
<b>Andre verv</b>			Kim Vidar Bakken
<b>Kioskgruppe</b>			Anna Hamre
		<b>Anleggsansvarleg</b>	Kjartan Johan Hove
<b>Nettside</b>	Birte Andersen Røysum	<b>Anleggsgruppe</b>	Svein Jarle Skårhaug
<b>Jentegruppa</b>	Sportsleg leiar		
	Trenarar alle lag J10-D	<b>Trenarrettleiar</b>	Nils Tore Krosshaug

Styret og valnemnda er valde av årsmøte. Leiar er medlem i Syril hovudstyret. Nestleiar er vara.

Styret i Syril Fotball har hatt 11 styremøte, og handsama tradisjonelle styresaker. Styremedlemmane med fleire har delteke på diverse møter med kretsen, dei fleste på Teams. 4 av styremedlemmane har teke fotballeiarkurs denne sesongen. Med det har 5 av 7 styremedlem kurset. Det er bra.


Det har til tider vore utfordrande med mangel på personar i diverse verv. Me nemner spesielt sportsleg leiar og kioskgruppe. Leiar og nestleiar har fungert som sportsleg leiar denne sesongen.

Organisasjonen har fungert godt. Ca. 100 personar deltek i drift av fotballgruppa i form av ulike verv som mellom anna trenarar, lagleiarar, styreverv, speaker, anleggsansvarleg, materialforvaltar, dommarar med meir. I tillegg kjem foreldre og andre som stiller opp på dugnader i løpet av sesongen. Oversikt over trenarar og lagleiarar er lagt ved årsmeldinga.

Fotballgruppa har mange nye frivillige kvart år. God struktur gjer det enklare å vere frivillig, gir grunnlag for god drift med god og sunn fotballaktivitet.

Fotballgruppa vart sertifisert som [Kvalitetsklubb i 2021](#). Det inneber m.a. rutinar i høve aktivitet, organisasjon, kompetanse og tydelege verdiar. Dokument som beskriv organisering og drift av fotballgruppa ligg på [www.syril.no](http://www.syril.no). Her finn ein m.a. Sportsplan, Rekrutteringsplan, oversikt rolleskildringar og Klubbhåndbok. I sesongen som har vore har det ikkje vore arbeid så mykje med Kvalitetsklubb som ein kunne ynskje. Her må ein gjere eit betre arbeid komande sesong.

Organisasjonskart 2022 – styret med undergrupper:



## 2. Aktivitet

## Generelt

Det har vore stor aktivitet i gruppa. Etter nokre korona-år har me vore tilbake til normalen når det gjeld avvikling av treningar, kampar og turneringa.

Arrangement:

- Kongleriketturnering for miniputt i august (spelt 216 kampar)
- Tine fotballskule for 8-12 åringane i august med 75 deltakarar

Kiosken er open på alle kampar og gir eit viktig økonomisk bidrag til drift av gruppa. Arrangementsansvarleg (i mangel på kioskansvarleg) og foreldre har sørnga for god drift.

## Seriespel - påmelde lag sesongen 2022

1 senior dame 11'ar	1 seniorlag herre 5. divisjon
	1 G14/15 11'ar
1 J13 9'ar	1 G13 9'ar
1 J11 7'ar 1 J10 7'ar 2 J9 5'ar	1 G12 9'ar 2 G11 7'ar (1 haustsesong) 1 G10 7'ar 2 G9 5'ar
Sum: 6 lag (ca. 60 spelarar)	Sum: 9 lag (ca.80 spelarar)
Miniputt (94 spelarar)	

Det er ca. 240 aktive spelarar og i underkant av 500 personar er registrert som tilhøyrande fotballgruppa i medlemsregisteret i Syril.

Syril har god deltaking av lag på aldersbestemt nivå i høve tal på innbyggjarar, og vi er nøgde med at vi har lag i dei fleste årstrinn, både gutar og jenter, men med ny inndeling av alderstrinn i serien, ser me at det er litt utfordringar med å stille lag i alle klassar då det i nokre kull er få som spelar fotball. I sesongen 2022 hadde me ikkje G 16/17, J 16/17, J 14/15 og J12.

I årsmeldingane til dei einssilde laga som ligg etter styret si årsmelding er det meir om laga sin aktivitet gjennom året.

Det har vore mange gode prestasjonar i året som har gått, og alle spelarar og lag har representert Syril på ein framifrå måte! Skal me dra fram nokre særskilte prestasjonar lyt me nemna J14-laget som tok seg heilt til finalen på Norway Cup og vart nr 2. Jentene var og i storform under KM innandørs i mars der J13, J14 og J16 tok henholdsvis to andreplassar og ein tredjeplass!

I samband med Norway Cup fekk me og låna buss hjå Vik. Dette var ei flott gest frå Vik som gjorde at opphendet i Oslo vart enda betre og enda meir sosialt ved at ein fekk reisa saman!



## Kretslag/sonelag

Det har vore eit godt år for sone og krets. Me har så mange som 7 spelarar på krets, og fleire på sone. Det er me stolte av. All ære til trenarar, foreldre, og ikkje minst spelarane sjølve som legg mykje arbeid i å vere på det nivået dei er.

## Sportslege tiltak i eigen klubb

I år har me dessverre ikkje greitt å vidareføre Akademiet som vart starta opp i fjor. Det er noko me må arbeide vidare med neste sesong.

Siste veka før skulen starta i august så arrangerer ein **Tine fotballskule**, i år var det 75 som deltok, dette er større deltakinga enn på mange år.

Saman med kretsen gjennomføre me kurs for 6 instruktørar i forkant av fotballskulen. Me hadde over 40% jentedeltakelse både på instruktør og av spelarar. I år fekk spelarane i tillegg utdelt eigen fotball og drikkeflaske. Det blei også servert felles lunsj i mediateket. Resultatet av arrangementet var at Syril fotball blei kåra til årets Tine fotballskule i Sogn og Fjordane fotballkrets. Me ynskjer difor å rette ein stor takk til alle som bidrog til gjennomføringa av fotballskulen og til bidrag frå sponsorar.



Etter kampsesongen i haust fortsette fleire av laga å trena både ute og futsal, her var det samtrening mellom dei ulike kulla.

## Kurs/møter med eksterne

- Grasrottenarkurs, 10 deltakar
- Fotballeiarkurs, 4 stk frå styret
- Nomineringmøte sone
- Sonemøte krets
- Lagleiarmøter krets
- Miljøhelg med leiarmøte

## Trenarar og lagleiarar

For miniputt var trenarar og lagleiarar på plass til sesongen starta. Når det gjeld aldersbestemt hadde me fleire lag med utfordringar før seriestart. Det var fleire lag på gutesida som mangla naudsynt apparat rundt laget, etter at fristen for påmelding var utløpt. Spesielt var det utfordring med å ha trenarar på plass. Mangel på trenar og lagleiar var medverkande årsak at me måtte trekke påmeldinga av G 16/17 etter fristen. Andre lag som mangla støtteapparat, løyste dette ved at ein fekk til ei rullering av trenarrolla på trening og i kamp. I ein klubb som Syril er ein avhengig av at foreldre og andre stiller opp til frivillig for at vi skal kunne stille lag i aldersbestemte klassar.

Det blei gjennomført oppstartsmøte med alle lag før sesongstart. Ansvarleg for aldersbestemt deltok på dei fleste møta.

Gjennomførte evaluering av vårsesongen før sommaren - konkluderte med at ein måtte trekkje eit lag i G11 grunna fråflytting og fråfall av spelarar, som gjorde til at ein ikkje hadde nok spelarar til to lag.

Det vart dessverre ikkje gjennomført noko trenarforum denne sesongen. Det er noko ein må arbeid meir med neste sesong.

Sportsleg utval og jentegruppa har gjennomført møter gjennom sesongen.

## Trenarar

Det vart gjennomført Grasrottrenarkurs i 2022, med 4 deltakarar frå Syril. Det vart og gjennomført Grasrottrenarkurs med instruktørar til TINE fotballskule i forkant av fotballskule. Det er viktig at nye trenar som kjem inn som trenarar på miniputt tar Grasrottrenarkurset-DEL 1. Me vil oppfordra alle våre trenarar til å gjennomføra Grasrottrenarkurset. Trenarutdanning er eit viktig utviklingstiltak som Syril som klubb vil prioritera framover.

## Dugnader

- Dugnad på nye stadion
- Dugnad på kunstgrasbana
- Køyning av blomster før jul
- Adventskalender (i lag med Handballgruppa)
- Kioskdrift
- Flytting for Digdir
- Elektronisk dugnad
- TINE Fotballskule i august
- Kongleriketurnering i august

Drifta av laget er basert på dugnadsinnsats, stor takk til alle som bidreg til fellesskapet på ulike måtar.

## Informasjon

- Mykje informasjon vert lagt ut på Syril sine nettsider [www.syril.no](http://www.syril.no) og Facebook- side. Send e-post til [nett@syril.no](mailto:nett@syril.no) så vert info lagt ut
- Laga internt nyttar i stor grad Spond

## Anlegg

Anlegget til Syril fotball omfattar kunstgrasbana som no er rundt 10 år. Vidare grasbane og eit mindre kunstgrasareal, på den gamle grasbane, samt at kunstgrasbana ved ungdomsskulen har vore i bruk. Kunstgrasbana på stadion er etter kvart prega av alder og mykje bruk. Det har vore gjort reparasjon av skøytar som har losna, men det skulle vore gjort i større grad enn det som vart muleg i 2022. Slodding av bana i kommunal regi vart hengande etter pga litt uklar overgang etter pensjonering i kommunen. Dette har rett nok ordna seg på hausten, men drifta må registrerast betre enn det som har vore gjort. Rett nok er garantitida på bana ute, men vi kan likevel ikkje slutte med ettersyn og pass av bana slik den ligg i dag. Det har vore gjennomført djupreins av bana, rapporten som skulle kome i etterkant er ikkje motteken slik at statusvurdering frå ekstern ikkje ligg føre.

Når det gjeld gras/kunstgraset på stadion er denne delen velfungerande. I 2022 har denne delen vore brukt heile året gjennom, særleg kunstgraset med sine små «ballbingar». Det var ei utfordring at bingane som var sett opp på kunstgraset i fjor haust var særleg utsett for vind og difor ofte vart liggjande flate i etterkant. Nye bingar har kome på slutten av året. Desse har betre stabilitet, men er og utsett for vind pga manglande vekt og flyttar seg difor lett ved sterk vind. Dette kan ein finne ei løysing på med vekter, men det vil vere framandelement og må handterast deretter.

Grasbana har lengder med grense til friidrettsarenaen. Her veks det opp ugras og det bør avklarast kven som skal ha ansvaret for å fjerne dette. Er det fotball som skal stå for fjerning av gras på friidrettsarenaen inn mot grasbana, eller er det friidrett som skal sørge for det på «deira» side av sargen. Så langt er det ikkje lagt opp til at fotball gjer dette, og det vil i prinsippet vere i strid med at kvar gruppe forvaltar sitt anleggsområde dersom dette blir lagt til fotball. Vidare ein bør sjå på ei «matteløysing» for dei som kryssar løpebana med fotballsko for å unngå unødvendig og uønskja slitasje på dekket til løpebana.

Kunstgrasbana på ungdomsskulen er kommunen sitt ansvar som ein del av skuleanlegget. Det vart ikkje gjennomført djupreinsing av den bana i 2022. For Syril sin del er denne bana i mindre systematisk bruk etter at ombygginga av gamle grasbana vart ferdig.

Det er gjennomført få dugnader i år. Den vesentlegaste grunnen til det har vore ein svært våt sommar og haust.

Det som er gjort på stadion er;

Dugnad med raking av grasbana

Dugnad med kosting av gummigranulat

Oppsetjing av hjartestartar i oppvarma etui ved kunstgrasbana

Innkjøp av nettinggjerde. Ikkje oppsett.

Montering av granulatrister er ikkje gjort, men det er avtalt med Sogndal kommune om at dei skal gjere det.

## Utstyr

Ballrommet ved barneskulen fungerer godt. Kvart lag har sitt eige utstyr som ballar, vestar, kjegler, drakter og medisnutstyr innelåst i kvart sitt «bur» inne i ballrommet. Alle lag får utlevert utstyr ved sesongstart og dei set det på plass igjen etter sesongslutt. Gjennom sesongen blir det supplert etter behov.

Alt av utstyr blir kjøpt inn på Røysum Sport1. Røysum Sport1 sponsar Syril fotball med drakter.

Hjartestartaren i ballrommet er ettersett og fungerer. Me har fått ny hjartestartar som heng i varmeskåp på kioskveggen ned på kunstgrasbana.

## Dommarar

Denne sesongen har følgjande dommarar dømt for Syril:

Kretsdommarar: Jarle Andersen, Jan Arild Rømmen, Sindre Stø Hobber

Rekrutteringsdommarar: Amalie Dimmen Henjum, Gunvor Hamre Nornes, Andreas Hagheim Barsnes, Erlend Helset Fardal, Håvard Helset Fardal, Eline Dimmen Henjum, Erlend Valvik Menes, Ingrid Ølmheim, Sanne Cirotzki Stadheim, Ingeborg Myklebust, Erlend ØInes Hamre og Sarah Danielsen.

Klubbdommarar: Maria Saltnes Slinde, Nicolas Fossberg, Anne England Husum.

Desse vart i tillegg ein del av dommargruppa i samband med miniputtturneringa i august: Emilie Tangen Mo, Nathaniel M.K. Johansen, Ammar Yaser Alamm, Ahmad Mohammad Almansour, Emilie Havnen Borlaug, Anniken Sofie Nornes, Arin Asperanden Navarsete, Maja Rydningen Hamre og Olav Brudvik Sunde.

Dommargruppa: Jarle Andersen, Mette Stokkenes og Christian Kleiven har vore til stades på ein del kampar for å følgje opp dommarane våre. Der har dei som er ferske og som dømmar for første gong på nytt nivå vorte prioriterte. Om ein ikkje har hatt moglegheit for å følgje opp fysisk, har Christian vore i kontakt med lagleiarane og/eller trenarane til laga som spelar der det har vore ferske dommarar.

Me har framleis ei Spond-gruppe, noko som gjer det lettare å kommunisere med dommarane. Vi lagar framleis arrangement på kvar kamp og dei som ville/kunne dømme, meldte seg der. Dette fungerer bra. I år har vi ikkje arrangert klubbdommar-kurs, men miniputtturneringa gav dei nye mengdetrening i å dømme kampar. På turneringa vart dommarane følgde opp av Christian, Mette og Elin Flatabø.

Fire av dommarane har meldt si interesse for å dømme futsal i Saften for 10-14 åringar 15.januar. Seks dommarar har meldt si interesse for å dømme futsal i Saften for 13-17 åringar i februar. Jarle Andersen vil ha dommarkurs i futsal for desse helga før desse turneringane. Det vil vera behov for at dei dommarane som ikkje har rekrutteringsdommarkurs som ynskjer det, får dette før vårsesongen startar.

Det vil nok falla nokre dommarar frå i gruppa. Dette vil verte klargjort før nyttår. Nye dommarar vil få sjansen i løpet av sesongen 2023, truleg i samband med miniputtturneringa, viss dette vert noko av. Då vil 9.klassingane få førespurnad om å byrje som dommarar.

## Sponsorar

Me er svært glade for avtalar med Eilert & Edvin Holme AS, Leikanger Auto, Toyota Sogn, Sogningen Amfi, Villmarka, Solberg el-service, og Josvanger Elektro. Bidrag frå desse lokale verksemdene sikrar at me kan halda anlegg ved like og kjøpa inn utstyr som gjer at me kan oppretthalde eit godt tilbud til alle unge og vaksne som vil spela fotball i Syril. Me håpar alle sponsorar fortset det gode samarbeidet også i 2023.

Me har i tillegg moteke sponsormidlar frå Meca og Indre Sogn Sparebank.

## Heidersteikn

2 personar vart tildelt blå diplom på Miljøhelga 2022

2022: Steinar Henjum og Magna Vangsnes

I tillegg vart Syril tildelt pris for årets TINE fotballskule. Me takkar alle som bidrog til at fotballskulen vart så bra som den vart.

Grunngjevinga for tildelinga av pris for årets fotballskule:

«Klubben er kvalitetsklubb og har i mange år vore dyktig på rekruttering av jenter, både blant aktive, trenarar og på leiarsida. Dette gjeld også for årets TINE Fotballskule.

Totalt 75 born deltok på fotballskulen. Blant dei var 43% jenter og på trenarsida var jenteandelen ca 50%. I tillegg hadde dei invitert to kretslagsspelarar frå klubben på jentesida som gjesteinstruktørar, noko som var kjekt og inspirerande for små fotballjenter. Keeperopplegget var populært og godt organisert. Kretslagskeeper på jentesida hadde m.a. ansvar for sportsleg opplegg og gjennomføring for jentekeeperar.

Klubben inviterte KA-trenar og KA-klubbutvikling med på instruktørsamling i forkant av fotballskulen. Sportsleg opplegg samt ei praksisøkt ute på bana vart gjennomført. Dei hadde ein god fagleg plan for gjennomføring, og sportsleg ansvarleg for fotballskulen var tilstades og fulgte opp instruktørane.

Fotballskulen hadde eit flott fokus på kosthold med brødmatt, varm lunsj, TINE-ost og drikkeprodukt samt servering av frukt i alle pausar. Ungane fikk også informasjon om kor viktig det er med kosthold – drikke og ete godt for å kunne vere aktive ein heil dag på fotballskulen. Mange vaksne deltok i dugnad i samband med matsserveringa og borna var samla rundt pådekte bord i gymsalen.

Det var ein god atmosfære og eit opplegg som fremma trivsel for alle som var med. Instruktørane var flinke med ungene og mange vaksne tilstades bidrog til å skape trygge rammar.

Klubben i Sogn scorar høgt i høve fokusområda i TINE Fotballskule og framstår som ein verdig vinnar i vår krets i 2022!»

## Oppsummering av året og vidare framover

Fotballgruppa engasjerer mange born og unge, og det er eit stort apparat med frivillige og foreldre som bidreg. Dette er viktig å ta vare på. Det er mange dyktige trenarar/lagleiarar som stiller opp fleire gonger pr. veke, og gjer ein flott innsats for bygda og fotballaktiviteten.

Vi oppfordrar alle trenarar til å delta på trenarkurs, også dei som ser seg sjølv i rolla som hjelpetrenar. Med kombinasjon av digital undervisning og praksis økt er ikkje dette så tidkrevande som før. Jamført med klubbane elles i Sogn synest det som at Syril har mindre andel trenarar med trenarkurs.

*Styret føreslår at ein i 2023 m.a. jobbar vidare med :*

- Mål om at alle nye trenarar tek trenarkurs, og ynskje om at alle andre som manglar kurs tek det
- Forankre Fair Play-verdiane hjå alle lag slik at det enkelte lag tek eigarskap for verdiane - gjennomføre organisert aktivitet med alle lag retta mot fair play
- Arbeide med å behalde og rekruttere spelarar - m. a. deltaking i turneringar og arrangere sosiale arrangement på bana. Etablere ungdomsutval. Dette bør ein prøve å få til meir av i år
- Arbeide meir med Kvalitetsklubb, både innad i styret og ut mot andre verv
- Ha fokus på inkludering, både av spelarar og vaksne
- Arbeid med korleis ein kan få fleire til å bidra med frivillig arbeid inn mot klubben
- Skaffe midlar til utviklings- og inkluderingsfondet

Styret ynskjer velkommen forslag til tiltak, oppgåver ein bør ta tak i og elles innspel til korleis fotballgruppa kan bli betre. Møt opp og gje innspel på foreldremøter, evalueringsmøter, oppstartsmøter og andre fora, eller ta direkte kontakt. Me treng og fleire personar med på laget - både i styre og i andre verv. Syril fotball er og skal vera inkluderande og me har alltid plass til fleire engasjerte ressursar.

*Styret takkar **alle** i SYRIL si fotballgruppe - utøvarar, dei med verv eller som bidreg med dugnad på ulike vis, kakebakarar, kioskvakter, heilagjeng m.v. for ein framifrå og stor innsats i 2022. Vidare ynskjer me å takke næringslivet for aktiv deltaking – sponsorstøtte er uvurderleg. NFF Sogn og Fjordane har vore gode støttespelarar for gjennomføringa av sesongen.*

### **VEL MØTT TIL NY SESONG!**

Leikanger 19.januar 2023

*Styret i fotballgruppa*

## 3. Rekneskap 2022

Rekneskap viser eit underskot på 150.000,-.

Sum inntekter viser kr 62.000,- meir enn budsjettet, av dette utgjer kr 97.000,- sponsorinntekt.

Sum kostnader er kr 212.000,- meir enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak investering i diverse utstyr – fotballer, komplett bane 3x3, fotballmål, granulatrister osv., samt høgere straumpriser.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har løyvd midlar til kjøp av 3`ar baner for miniputtfutballen i samband med Frivillighetens år 2022/Jubileumsåret til NFF Sogn og Fjordane. Det vert søkt om spelemidlar for 2022, og me forventer å få ca. kr 35.000,- i 2023.

Fotballgruppa fekk løyvd kr 25.000,- frå Zuccarellostiftelsen som inkluderingsfond midlar. Dei var brukt til å dekke treningsavgift for medlemmer frå familiar med låg betalingsevne, innkjøp av utstyr til dommarar (draktar, fløyte, hanskar osv.)

Treningsavgift i 2022:

- Senior herrar kr. 3 300 (endra 2019)
- Senior damer kr. 3 300 (endra 2022)
- Aldersbestemt 11-18 år kr. 1 800 (endra 2020)
- Barnefotball 10 år kr. 800 (endra 2020)
- Miniputtfotball 6-9 år kr. 600 (endra 2020)

Me minner om medlemskap i Syril. Dette mellom anna for at forsikrings-ordninga er knytt opp mot gyldig medlemskap. Er ikkje medlemskapen i orden kan ikkje vedkomande spele kampar då laget har eit direkte ansvar for dekning av skader utanom forsikringsordninga. (rev. 18.02.2020)

INNTEKTER			
	Budsjett 2022	Rekneskap pr. desember	Utkast budsjett 2023
Treningsavgifter	310 000	296 418	300 000
Syrilkalender	55 000	43 100	40 000
Tine fotballskule	50 000	67 950	65 000
Billettinntekter	25 000	16 905	20 000
Sponsorinntekter	33 000	96 886	20 000
Kioskinntekter	150 000	160 519	155 000
Andre inntekter	25 000	101	60 000
Akademi - påmelding	25 000		15 000
Diverse dugnad	10 000	38 400	15 000
Utviklingsmidler	0	25 000	20 000
Renteinntekter		102	
<b>Sum inntekter</b>	<b>683 000</b>	<b>745 380</b>	<b>710 000</b>
UTGIFTER			
	Budsjett 2022	Rekneskap pr. desember	Utkast budsjett 2023
Syribuss	48 000	48 000	48 000,00
Straum	40 000	80 031	75 000,00
Gebyr	5 000	7 326	7 000,00
Kontingent og avgifter krins	100 000	66 780	75 000,00
Forsikring og lisensar	40 000	38 600	40 000,00
Innkjøp kiosk	45 000	60 138	50 000,00
Dommarutgifter	100 000	62 493	80 000,00
Lønn	100 000	73 157	85 000,00
Diverse utstyr	50 000	232 487	50 000,00
Andre driftskostnader	10 000	27 660	10 000,00
Drift og vedlikehald anlegg	55 000	53 941	55 000,00
Leige lokale	60 000	27 711	50 000,00
Møter og kurs	10 000	6 395	10 000,00
Turneringar	20 000	26 993	25 000,00
innkjøp diverse	0	32 397	5 000,00
Tine fotballskole		11 600	25 000,00
Inkluderingsfond			20 000,00
Reiseutgifter		18 754	
Andre driftskostnader		20 291	
Rentekostnad leverandørgjeld		342	
<b>Sum utgifter</b>	<b>683 000</b>	<b>895 095</b>	<b>710 000</b>

## 4. Budsjett 2023

Utkast til budsjett for 2023 viser i tabellen under.

INNETEKTER	
	Utkast budsjett 2023
Treningsavgifter	300 000
Syrilkalender	40 000
Tine fotballskule	65 000
Billettinntekter	20 000
Sponsorinntekter	20 000
Kioskinntekter	155 000
Andre inntekter	60 000
Akademi - påmelding	15 000
Diverse dugnad	15 000
Utviklingsmidler	20 000
Renteinntekter	
interimskonto/feilføring	
<b>Sum inntekter</b>	<b>710 000</b>

UTGIFTER	
	Utkast budsjett 2023
Syribuss	48 000,00
Straum	75 000,00
Gebyr	7 000,00
Kontingent og avgifter krins	75 000,00
Forsikring og lisensar	40 000,00
Innkjøp kiosk	50 000,00
Dommarutgifter	80 000,00
Lønn	85 000,00
Diverse utstyr	50 000,00
Andre driftskostnader	10 000,00
Drift og vedlikehald anlegg	55 000,00
Leige lokale	50 000,00
Møter og kurs	10 000,00
Turneringar	25 000,00
innkjøp diverse	5 000,00
Tine fotballskule	25 000,00
Inkluderingsfond	20 000,00
<b>Sum utgifter</b>	<b>710 000</b>

Ingen endring i treningsavgift i 2023.

## 5. Årsmelding frå laga

### Miniputt

I 2022 har miniputt stilt lag i følgjande klassar: J/G 6, J/G 7, J/G 8 og J/G 9. I tillegg stilte J9 og G9 med lag i serie.

I alt 94 spelarar har vore i aksjon for miniputt i år, og totalt 30 personar har bidrege som lagleiarar og trenarar for ulike lag. Det har vore noko fråfall av spelarar denne sesongen, for det meste grunna flytting.

Dei fleste laga på miniputt starta opp med treningar i april. Treningane til miniputt har i år vore på alle kunstgrasbanene på Leikanger. Grasbana på nye stadion vart også tilgjengeleg ut på våren for dei som ville trenar der. Nytt av året har vore 2 nye 3'ar baner som vart satt opp i midten av august. Desse banene er delvis sponsa av Sparebanken Sogn & Fjordane. 2 nye 5'ar mål har også blitt kjøpt inn, samt me fekk låne 2 stk av Norane idrettslag til miniputt-turneringa.

I høve treningar og innhald melder laga at det stort sett går greitt på treningane, og at dei har bra med trenarar. Det er positivt med mange trenarar for å unngå kø på øvingar. Nokre av gruppene er store slik at dei er sikra god kamptrening.

Syrlil har vore i sone med Bjørn, Luster, Sogndal, Norane, Vik og Balestrand som tidlegare. Det vart arrangert 2 turneringar i vår i Sogndal og Luster, og 2 turneringar i haust på Leikanger og i Vik. Miniputt-turneringa arrangert på heimebane gjekk veldig bra, med god innsats av lagleiarar, trenarar, foreldre og ikkje minst spelarane.

Miniputtgruppa i år har hatt bestått av følgande personar:

Miniputtleiar: Sturle Rode Rio  
Turneringsansvarleg: Anna Hamre  
Sportsleg leiar: Frode Berge Amle  
Utstyrsansvarleg: Kim Vidar Bakken

## Årsmelding G10

### Trenarar:

Borgtor Bøyum (hovudtrenar) og hjelpetrenarar Monica Wathne Tufte, Anders Yri og Terje Henjum.

### Lagleiar:

Christian E. Pettersen

### Spelarar:

Even Tufte Henjum, Ole Yri, Per Theodor Bøyum, Sondre Tveit Eggum, Teodor Gjerde Wilson, Truls Pettersen Tyssing, og Dennis Kåsa Synnevåg (slutta midtvegs i sesongen).

### Sportslege aktivitetar:

Seriespel med 7ar-fotball med ein kamp mot kvar av laga Kaupanger, Jotun, Sogndal 2, Hafslo, Årdalstangen, Vik og Sogndal 1 før sommaren. Etter sommaren var det dobbeltserie med kampar mot Bjørn, Årdalstangen, Hafslo og Vik. Pga. av få spelarar var G10 avhengig av å få hjelp frå J10 og G9 til kampane, og var heldig å få med spelarar frå desse til nesten alle kampane.

Treningar måndag og onsdag kvar veke med veldig bra oppmøte frå G10-spelarane. På måndagstreningane var det også ope for deltaking frå J10, og i snitt deltok 4-5 spelarar frå desse. På onsdagstreningane var det ope for deltaking frå G9, og i snitt deltok 2-3 spelarar frå desse.

Ingen turneringsdeltaking.

#### **Sosiale aktiviteter:**

Sommaravslutning felles med J10 med sosialt, mat og oppgaver.

#### **Oppsummering:**

Sesongen 2022 var grei og det var fin sportsleg framgang. G10-spelarane har fungert veldig godt saman og hatt godt oppmøte, men det har vore utfordrande å vere ein liten spelargruppe.

## **Årsmelding J10**

**Trenarar:** Birgitte Sandal, David Henjum og Reimund Loven

**Lagleiar:** Helga Maj Myren

**Spelarar:** Ada, Astrid, Astrid Olea, Tiril, Nathalie, Kristina, Tuva, Lilly, Ingrid, Frida og Eline

#### **Sportslege aktiviteter:**

Me har spelt i same gruppe som Sogndal, Årdalstangen, Jotun, Vik og Lærdal. Me hadde ei fast trening i veka, og ei frivillig trening saman med G10. Nokre av jentene har spelt på G10 og J11 sine kampar. Me har hatt eit svært godt oppmøte på både trening og kamp, og har dermed oppnådd gode resultat gjennom sesongen.

#### **Sosiale aktiviteter:**

Før me tok sommarferie hadde me eit sosialt treff med fokus på samarbeid utan ball. Jentene fekk ulike oppgaver dei måtte løysa i fellesskap for å komma vidare. I tillegg gjekk dei Fair Play natursti. Me avslutta kvelden med hamburgar.

Før kampane på haustsesongen starta hadde me kick-off. Me fekk vera balljenter på Sogndal FK sin damekamp. Det var stor stas å få gå inn på bana med jentene og hente ballen når dei hadde behov for det. Etterpå fekk me samla autografar, teke bilete og snakka med fotballspelarane. Me avslutta dagen med pizza og is.

Me avslutta fotballsesongen med «Mesternes mester» i Saften. Etterpå var det bollar og Litago mens me oppsummerte sesongen og snakka om neste års sesong.



## Årsmelding G11

**Trenarar:** Frode Danielsen, Kenneth Lomås, Svein Helge Steinsåker og Jon Amundsen

**Lagleiar:** Mari Buene og Elin Flatabø

**Spelarar:**

Desse har vore med i hele eller delar av sesongen:

David Johansen

Christian Haugen

Alexander Danielsen

Elias Espe

Espen Oliver Stensåker

Helge Eggum

Håvard Gjerland

Johannes Amundsen

Kevin Andre Mo

Lars Flatabø Kleiven

Leon Gåserud

Lukas Christensen Birkeli

Oliver Buene Halveg

Sebastian Docando Eggum

Tarjei Lomås

Victor Andre Elvheim

Yuel Kiros

Tarjei Hauso

I ein del kampar har vi fått hjelp av andre lag; J11 og G10. Takk for flott innsats!

### **Sportslege aktivitetar:**

I vårsesongen stilte G11 med to sjuarlag; Syril 1 og Syril 2. Begge laga spela i G11 avdeling to og møtte laga Bjørn, Sogndal 2, Vik og Hafslo.

I haustsesongen stilte vi eit lag. Haustsesongen var differensiert og vi spela i G11 avdeling 1. Vi møtte laga Sogndal 2, Jotun 1, Jotun 2, Aurland og Bjørn.

### **Sosiale aktivitetar:**

I vår hadde vi felles kveldsmat etter internkamp mellom Syril 1 og Syril 2. Samtidig hadde vi foreldremøte. Dette var ein kjekk og sosial kveld. Vi var og med på forball-laurdag 10. september. Då spela vi mot Jotun 2 med ekstra kjekke rammer rundt kampen.

Vi har ikkje delteke på noko turnering i år, men det er sett ned ei foreldregruppe som planlegg Voss-cup våren 2023.

### **Oppsummering:**

Vi har hatt godt oppmøte på treningane og har hatt sterkt fokus på fair-play, å ha god innsats og gjera kvarandre gode. Spelargruppa har godt samhald og er ei flott gruppe fotball-spelarar. Foreldre har delteke på dugnadar som kioskvakt og foreldrekøyring til bortekamp. Takk til alle som har bidrege rundt laget!

## Årsmelding J11



**Trenarar:** Anny Mari B. Jørgensen, Frode B. Alme, Eivind Røysum

**Lagleiar:** Unni M. Havnen

**Spelarar:** Eirin V. Alme, Elida B. Jørgensen, Emmelin Røysum, Fatima Alammar, Jorunn Slinde, Julie H. Steig, Leah R. Randen, Sara Røysum og Linnea H. Borlaug

Me har også hatt veldig god hjelp frå J10 som ved behov har lånt oss spelarar til kampar.

### **Sportslege aktivitetar:**

Me har spelt alle våre oppsatte seriekampar, og hatt både tap og seier.

Me har ikkje vore på cup i år.

### **Sosiale aktivitetar:**

I juni tok trenarane jentene med og såg Sogndal sitt damelag spele kamp, og dei fekk vera balljenter. Etter kampen var det god stemning og pizza på Pizzabakeren J

Som avslutning på sesongen laga trenarane og lagleiar til "Mesternes mester" for jentene med ulike morsomme øvingar. Stemninga var kjempegod, konkurranseinstinktet til jentene var på topp, samtidig som dei var veldig gode til å heia på kvarandre. Konkurransen blei avslutta med sjokolade-medalje utdeling og kake.

### **Oppsummering:**

Me har ein fantastisk flott gjeng jenter, som har det veldig kjekt både på trening og kampar. Det er god stemning, og fair play. Jentene har hatt ein fin utvikling, og har hatt ein flott sesong. Me har nytta Syril-bussen ved eit par høve. Det har vore veldig kjekt med alle

jentene samla i bussen og Syril-sangen på "full guffe" og repeat J Me er kjempeglade for at alle saman har lyst å vera med neste sesong også.

## **Årsmelding G12**

**Trenarar:** Bjørn Orrestad og Olav Haugen

**Lagleiarar:** Ørjan Talle og Torill Skårhaug

Spelarar(fødd 2010): Markus Føleide Skinlo, Emil Steinsøy Kvam, Håvard Tveit Eggum, Jonathan Moberg, Aron Orrestad, Endre Risøen, Ali Alsaid (flytta etter vårsesongen), Andreas Lund Nygard, Kenneth Skårhaug Talle, Lucas Nornes, Nikolai Aase Haugen, Sindre Fidjestøl

### **Sportslege aktivitetar:**

I januar starta G12 opp med fotballtreningar inne og frå april starta vi opp med utetreningar 2 dagar pr. veke. Gutane har vore engasjerte og var stort sett godt oppmøte på treningane. Nokon av spelarane har hatt tilbod om hospiteringstrening med G13 og delteke på nokon kampar med dei. Vi har hatt 12(11 i haust) spelarar og har vore avhengig av å låne med jenter eller spelarar frå G11 til dei aller fleste kampane. Nokon få kampar har vore spelt i 7'ar format fordi motstandarlag ikkje har hatt nok spelarar. Det har vore fin balanse mellom seier og tap i kampane.

Vi har hatt fleire samtreningar med J12-14 og dette har fungert veldig fint. Samarbeid med både jente og G11 om lån av spelarar til kamp og samtrening har vore godt.

Laget har møtt desse motstandarlag; Sogndal, Vik, Balestrand, Bjørn, Jotun og Kaupanger. I og med at det var berre 7 lag i puljen vart det ikkje differensiering på hausten.

### **Sosiale aktivitetar:**

Det har ikkje vore organisert nokon sosial aktivitet denne sesongen.

### **Oppsummering:**

Etter ein lag periode med restriksjonar i samband med koronapandemien har det vore kjekt og hatt ein normal fotballsesong. Spelarane har hatt ei fin utvikling og det er stort engasjement blant gutane.

### **Neste sesong:**

Alle spelarane melder interesse for å bli med til neste sesong. Trenarar vil og fortsette, men pr. no usikkert om lagleiarane fortset.

# Årsmelding G13

**Trenarar:** Steinar Aaland Eggum, Ole Morten Kvam, Jan Rune Mardal og Per Sindre Aaland

**Lagleiar:** Eva Hjørnevik Nesse

## Spelarar:

Eigne spelarar: Johan Gjerløw, Isak Borlaug Hauge, Bjørnar Aaland Eggum, Sander Holen, Theo Johan Nord Melås, Markus Bukholm Solbakken, Martin Onsanthia Solbjør, Viljar Nesse Takle, Heine Njøs Verlo og Zein Alammar

Lånte spelarar frå J13: Vilde Tufte Mardal og Amalie Buene Halveg

Lånte spelarar frå G12: Emil Steinsøy Kvam, Markus Føleide Skinlo og Håvard Tveit Eggum

Hospitant på trening frå J13: Malin Hagheim Barsnes

## Sportslege aktivitetar:

Me starta innetreningar i februar og deltok på KM innandørs på Sandane i mars. Der starta me med siger, men med fleire spelarar som nyleg hadde hatt corona førte til at resultata ikkje vart som forventa.

Utetreningane starta i mars. Det har vore godt oppmøte på treningane gjennom heile sesongen. Me har trena 2 gonger i veka. Etter sesongen har me heldt fram treningane 2 gonger i veka saman med G15/J15.

Me har spela i 1. divisjon både vårsesongen og haustsesongen. Me var litt bekymra for nivået før me starta kampane i vårsesongen, men det gjekk mykje betre enn forventa. Og me havna på 2. plass på tabellen då vårsesongen var ferdig.

## G 13 1.divisjon avdeling 2 vår | 2022 - Tabell

Sogn og Fjordane

Terminliste			Tabell								Kontaktpersoner					
Plass	Lag	Kamper	Hjemme				Borte				Total					Poeng
			V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	Diff	
1	<a href="#">Eid</a>	8	3	1	0	20 - 7	3	0	1	24 - 12	6	1	1	44 - 19	25	19
2	<a href="#">Syril</a>	8	2	1	1	16 - 11	3	0	1	16 - 11	5	1	2	32 - 22	10	16
3	<a href="#">Sogndal 2</a>	8	2	0	2	17 - 26	2	1	1	11 - 12	4	1	3	28 - 38	-10	13
4	<a href="#">Stryn</a>	8	2	0	2	15 - 12	0	0	4	12 - 25	2	0	6	27 - 37	-10	6
5	<a href="#">Sogndal 4</a>	8	1	0	3	10 - 16	0	1	3	9 - 18	1	1	6	19 - 34	-15	4

Me hadde som mål å halde oss i 1.divisjon før haustsesongen og de greidde me. Me fekk større utfordringar i haustsesongen då det viste seg at det var eit høgare nivå på laga i den andre pulja frå vårsesongen. Men me vann 2 kampar og spela uavgjort ein. Og hadde nokre knepne tap. Haustsesongen vart avrunda med 15-0 siger mot Sogndal 2 med 8 ulike målscorarar frå Syril.

### Sosiale aktivitetar:

Elin Borlaug Hauge har vore ansvarleg for sosiale aktivitetar. Ho arrangerte etter vårsesongen grillparty og etter haustsesongen hadde me avslutning på Leikanger Fjordhotel med pizza, bading og quiz.



### Oppsummering:

Det har vore ein sesong med opp og nedturar. Men det har vore kjekt likevel og sigeren mot Florø på fotballurdagen på Syril Stadion i september smakte ekstra godt. Steinar Aaland Eggum har køyrt Syril-bussen til alle bortekampane. Det er ein flott gjeng å reise på tur med. Alle spelarane har sagt at dei vil vere med neste sesong.

I vårsesongen hadde me 3 spelarar på sonelag. For haustsesongen har me 4 spelarar på sonelag og 2 spelarar på kretslag.

## Årsmelding J13

**Trenarar:** Linda Fossberg, Rune Barsnes

**Lagleiar:** Torill Felde

**Spelarar:**

f. 2008	f. 2009	f. 2010
Anniken Sofie Nornes	Amalie Buene Halveg	Emilie Fossberg
Emilie Tangen Mo	Anna Felde Hasund	Oline Næss Prøven
Maja Rydningen Hamre	Evy Fossberg	Sara Saltnes Slinde
	Lilly Fossberg	
	Malin Hagheim Barsnes	
	Tuva Helset Mathisen	
	Vilde Tufte Mardal	
	Emily Fredheim Espe (delar av sesongen)	
	Sandra Slinde Thorsnes (delar av sesongen)	

## Sportslege aktivitetar:

### Treningar:

- To treningar kvar veke (1,5 t kvar onsdag og søndag)
- Eit par av 2009-jentene har også trena med og spelt kampar på G13
- Ei av 2008-jentene har trena litt med damelaget
- Onsdagstreningane har vore i lag med G12, det gir høve til å spele 9'ar på treningane. J2009 har delteke på G12-kampar når dei har hatt behov for fleire spelarar.
- På vinterstid har mange av jentene delteke på futsal (trening 1-2 gongar i veka)

### Kampar:

- Seriekampar 9'ar på måndagar
- Det vart spelt 13 seriekampar totalt, 7 i vårsesongen og 6 i haustsesongen
- Syril J13 vann serien både vår og haust, og det vart scora mange mål på kampane
- Det vart i tillegg spelt ein treningskamp mot Sogndal før sesongstart i vår

### KM Futsal:

- Vi deltok på KM futsal i mars med kampar i Stryn og på Sandane, også her med gode resultat. J13 fekk 3.plass, og J14 fekk 2.plass!

### Lerum cup i juni:

- Jentene deltok med 9'ar-lag. Laget kom til A-sluttspillet, men tapet kvartfinale mot Nordsiden (på antal cornerar). Det var både spennande og kjekt å vere med, og mykje god lærdom i at ein heile tida må omstille seg i møte med nye lag

### Deltaking på Norway cup i august:

- J2008 og J2009 var med, dei spelte 7'ar i J14-klassa, og kom på 2. plass!
- Det var veldig kjekt å vere med på Norway cup, både resultatmessig og sosialt. Vi tok kamp for kamp, og jentene hadde veldig god innsats heile tida. Her var det og stadig nye utfordringar i møte med ukjende lag.

### Sone- og kretsaktivitet (Eninvest):

- 2009-kullet: Amalie Buene Halveg, Lilly Fossberg, Malin Hagheim Barsnes og Vilde Tufte Mardal var med i sonelagstroppen på vårsesongen. I sonelagstropp haust kom Amalie Buene Halveg, Evy Fossberg, Lilly Fossberg, Malin Hagheim Barsnes og Vilde Tufte Mardal med, og alle deltok på soneturneringa i desember.

- Amalie Buene Halveg og Vilde Tufte Mardal har og spelt på J13-kretslaget i både vår- og haustsesongen
- Vilde Tufte Mardal er teken ut til å vere med i satsingsgruppa Team Sogn og Fjordane

### Sosiale aktivitetar:

- Avslutning av futsalsesongen vart markert med bading på Lustrabadet og pizza & brus på Frydenbø
- Vi hadde og ei kjekk sesongavslutning på Leikanger Fjordhotell med quiz, pizza og brus

### Oppsummering:

Det har vore nok ein flott sesong for fotballjentene våre, med god innsats, godt humør og fotballglede! På treningane har det vore veldig godt oppmøte, og alle spelarane har fått rikeleg med speletid på kamp i løpet av sesongen. Det har vore få/lite skader.

Det er ei god breidde i troppen. Vi har mange målscorarar i løpet av sesongen, det er fleire som kan vere keeper og dei fleste spelarane kan spele i fleire posisjonar. I haustsesongen var det utfordringar i forhold til å ha nok spelarar på kamp m.m. Vi fekk disp. til å bruke fleire av J2008 for å kunne stille 9'ar-lag.

Vi har hatt Syrilbussen på dei fleste bortekampane, og det er veldig sosialt og ekstra kjekt å reise på kamp når vi har Syrilbussen 😊.



## Syril J14 7'ar, Norway Cup



Syril J13 frå bortekampen mot Hafslo i august

## Årsmelding G 14/15

**Trenarar:** Endre Asperanden Navarsete, Frode Alme, Lars ivar Menes og Helge Hauso (flytta i sommarferien)

**Lagleiar:** Jorunn Fosse Fidjestøl

**Spelarar:** Arin A. Navarsete, Ammar Alammur, Ahmed Almansour, Eivind Fosse Fidjestøl, Brede Villand Alme, Tarjei Ulveseth Odd, Jonas Linde, Milian Asperanden Hauge, Endre Njøs Verlo, Erlend Valvik Menes, Jørgen Humlestøl Njøs, Nikolay Einarsen.

Vi har måtta lånt keeper frå andre lag, Zein Alammur og Ingeborg Myklebust. Elles har vi lånt 09 gutespelarar og 07-jentespelarar for å få spelt 11-arkampar.

Aksel Eggum har spelt med laget på dispensasjon.

**Sportslege aktivitetar:**

Vi har spelt serie og Norway cup.

#### **Sosiale aktivitetar:**

Vi har vore på Norway cup i lag, det var veldig kjekt og ein vellukka tur. Det var god stemning, og alle oppførte seg fint. Det er imidlertid ein god del arbeid med planlegging og dialog med omsyn til overnattingane.

#### **Oppsummering:**

Som sagt på lagleiarmøte, det har vore ein noko krevjande sesong, med søndagskampar, som det var mykje att og fram med byting av, i tillegg er vi for få og har ikkje keeper. Det har gått likevel, med velvilje frå jenter og 09-gutar, og vi må seie at sesongen trass alt har vore vellukka. Norway cup var og særers vellukka, både sportsleg og sosialt, der vi vann gruppespelet og kom langt i turneringa. Vi fekk oss også fine turar ol. utanom spelinga. Lagleiar og trenarar gir seg, så det må nye kostar til denne sesongen.

## **Årsmelding senior herre 5.div**

#### **Trenarar:**

Marius Midtun Aaberge

Kristian Knutsen Berg

#### **Lagleiar:**

Eva Solhaug Fosshagen

#### **Sportslige aktivitetar:**

Laget var med i vinterserien. Kampane vart spelt i hallen på Skei og motstandarane våre var Lærdal, Hyen og Tambarskjelvar.

Stallen har vore noko varierende og dertil variabelt oppmøte på treningane. Fleire av spelarane hadde arbeidshelgar, som gjorde at det av og til vart utfordringar på kampane, spesielt målvakt. Enkelte kampar måtte vi hente inn veteran Eivind. Vi fekk spelt alle kampane med unntak av bortekampen mot Sandane. Sidan vi ikkje har gutelag i SYRIL, måtte vi på slutten av sesongen få med spelarar frå smågutelaget.

Håpar å få med fleire spelarar i 2023!

## Tabell for sesongen

	<b>Lag</b>	<b>S</b>	<b>P</b>
1	<a href="#">Sandane</a>	18	48
2	<a href="#">Kaupanger</a>	18	39
3	<a href="#">Dale</a>	18	38
4	<a href="#">Førde 3</a>	18	38
5	<a href="#">Selje</a>	18	30
6	<a href="#">Syril</a>	18	14
7	<a href="#">Hafslo</a>	18	14
8	<a href="#">Florø 2</a>	18	14
9	<a href="#">Sogndal 3/Fjøra 2</a>	18	13
10	<a href="#">Bjørn/Fanaråk</a>	18	12

### Dugnader:

Den årlege blomsterdugnaden vart gjennomført i lag med damelaget. Nokre spelarar var instruktørar på Tine fotballskule.

### Sosiale aktivitetar:

Herre og- damelaget har hatt fleire aktivitetar i lag i løpet av sesongen. Tradisjonen tru var det felles avslutning med julemat i desember, denne gongen på Knausen.

## Årsmelding senior dame 3.div

**Trenarar:** Steinar Henjum

**Hjelpetrenar:** Frode Danielsen

**Lagleiar:** Siri Beate England



Desse spelarane har vore med på damelaget i år:

Marianne Steinsøy, Hildegunn Høgheim, Kristine Røyseth, Linda Strand, Stine Gjerde, Ane Bjørk, Ida Bjørk, Amalie Henjum, Oline Kleiven, Vilde Jacobsen, Erika Brekke, Ingeborg Berg, Pia Krosshaug, Solveig Brudevoll, Sarah Røysum, Live Holen, Anja Hickmann, Marte Røyseth, Rebekka Liljedal, Eline Henjum, Synne Ming Fosse, Elise Tufte Mardal, Maria Slinde, Anne England, Ingeborg Myklebust, Ingrid Husum, Sanne Stadheim og Sarah Danielsen.

Dei fleste av spelarane var med gjennom heile sesongen. Nokre var med halve eller deler av sesongen.

Sportslege aktivitetar:

#### Treningar:

- Aktivitet i januar og februar:
  - o futsaltraining i saften ein dag i veka
  - o sirkeltrening i gymsalen ein dag i veka

- o ei felles joggeøkt ein dag i veka
- o vi fekk nokre søndagar i Sognehallen
- To treningar kvar veke på kunstgraset når utesesongen begynte
- Dei jentene som ville trene med gutane har fått tilbod om det

#### Turnering:

- KM futsal j16 i Stryn, fekk andreplass etter straffekonkurranse i finalen
- 2007 jentene fekk tilbod om å vere med Sogndal j15 på Norway cup, tre reiste og fekk ein flott opplevelse

#### Sosiale trivselstiltak:

Vi hadde kick-off på Vite meir senteret 2. mars. Her var det konkurransar og pizzabuffet. Dette var eit svært flott teambuilding opplegg. Vi hadde miksa årskull på alle laga.

Etter vi hadde gjennomført vårsesongen hadde vi sommarfest 25. juni. Vi hadde gardskamp i Skahaug på dagtid. Dette var eit flott opplegg der vi var inndelt i lag på tvers av årskulla. Vi inviterte herrelaget til fest i teltet på Nokkaneset om kvelden. Her var det pizzabuffet, konkurransar og underhaldning.

Layrdag 10. desember hadde vi julebord på Knausen med herrelaget. Her kosa vi oss i festleg lag med underholdning, og diverse prisar vart delt ut.

- Årets spelar – spelarane sin spelar: Elise Tufte Mardal
- Årets toppscorar: Live Holen
- Årets mest trenande: Elise Tufte Mardal

Spelarane har i tillegg hatt sosialgrupper. Der dei har vore på tur i lag, og møttest til kvelds og liknande av kvarandre.

#### Resultat:

Vi starta året med KM i futsal, her stilte vi med eit j16 lag. Vi tapte finalen mot Førde på straffekonkurranse.

Det var to avdelingar i vårsesongen, og vi spelte i avdeling ein med Studentspretten, Balestrand, Jotun og Bjørn. Vi vart nummer tre i avdelinga vår.

Hautsesongen var vi i avdeling to med Måløy, Balestrand, Eid, Bjørn og Jotun. Vi enda opp som nummer tre i avdelinga. Det var jamt blant topp tre.

#### Kretsaktivitet:

- 2007-kullet: Anne England, Sarah Danielsen og Ingeborg Myklebust

Oppsummeringa av sesongen:

Endeleg fekk vi 11`ar damelag på Syril! Vi har jobba mykje for å få dette til. Det har vore viktig for oss å gi spelarane som ikkje vil satse eit tilbod.

Vi hadde ein kjempestart på vårsesongen, og var mellom 15-20 stk. på kvar trening. Til kvar kamp måtte vi ta ut ein tropp på 16 spelarar. Vi la opp til at alle skulle få mykje speletid.

Hautsesongen vart meir utfordrande. Vi sleit med oppmøte på trening, og var fleire gonger ikkje meir en 6-10 stk. Det var mange treningar vi måtte avlyse pga svært dårleg påmelding. Det var utfordrande å få nok spelarar til kamp. Vi klarde likevel å gjennomføre alle kampane med stil.

Det har vore mykje fotballglede, og vi ser vi har fått ei samansveisa gruppe på tvers av årskull. Vi ser at det sosiale er svært viktig for dei.

Vi har no jobba for å få lag neste sesong, og det har vi fått til. Vi gledar oss til ein ny sesong med desse kjekke spelarane.

## Oversikt trenarar/lagleiarar 2022

<b>Herrar 5.div</b>	Eva Fosshagen	Lagleiar	<b>J9</b>	Siri Beate England	Lagleiar
	Marius Midtun Aaberg	Trenar	2013	Daniel Ølmheim	Trenar
	Kristian Knudsen Berg	Trenar		Nils Olav Nygard	Trenar
<b>Damer 3.div</b>	Siri Beate England	Lagleiar	<b>G9</b>	Tone Lemvik Røysum	Lagleiar
	Steinar Henjum	Trenar	2013	Andreas Rendedal Thue	Trenar
	Frode Danielsen	Trenar		Arek Lekki	Trenar
<b>Gutar</b>	Jorunn Fidjestøl	Lagleiar		Svein Helge Steinsåker	Trenar
G 14/15	Endre Navarsete	Trenar		Jomar Leirdal	Trenar
2007/2008	Frode B. Alme	Trenar		Roar Midtun	Trenar
	Lars Ivar Menes	Trenar		Oliver Prøve	Trenar
	Helge Hauso	Trenar	<b>J8</b>	Magne Gjerløw	Lagleiar
<b>Småjenter</b>	Torill Felde	Lagleiar	2014	Svein Røysum	Trenar
J13	Rune Barsnes	Trenar		Ronja-Mari Vangsnes	Trenar
2008/2009/2010	Linda Fossberg	Trenar	<b>G8</b>	Hilde K. Vadheim	Lagleiar
<b>Smågutar</b>	Eva Nesse	Lagleiar	2014	Rune Njøs	Trenar
G 13	Steinar Aaland Eggum	Trenar		Inga Henjum Halsnes	Trenar
2009	Jan Rune Mardal	Trenar	<b>J7</b>	Cecilie Njøs	Lagleiar
	Ole Morten Kvam	Trenar	2015	Sturle Rode Rio	Trenar
	Per Sindre Aaland	Trenar	<b>G7</b>	Hilde Berge Leirdal	Lagleiar
<b>Lillegutar</b>	Torill Skårhaug	Lagleiar	2015	Lina Lunde Christiansen	Trenar
G12	Ørjan Talle	Lagleiar		Erlend Husabø	Trenar
2010	Olav A. Haugen	Trenar		Roar Midtun	Trenar
	Bjørn Orrestad	Trenar		Tomas Hagen Moene	Trenar
<b>Lillegutar</b>	Elin Flatabø	Lagleiar		Per Christian Underhaug	Trenar
G11	Mari Buene	Lagleiar	<b>J6</b>	Hans Kristian Henjum	Lagleiar
2011	Frode Danielsen	Trenar	2016	Hans Roald Holen	Trenar
	Kenneth Lomaas	Trenar		Even Holst	Trenar
	Jon Amundsen	Trenar	<b>G6</b>	Jon Amundsen	Lagleiar
	Svein Helge Steinsåker	Trenar	2015	Elianne Eggum	Trenar

<b>Lillejenter</b>	Unni M. Havnen	Lagleiar		Linn Sofie S. Ugulen	Trenar
J11	Anny Mari Berge	Trenar			
2011	Eivind Røysum	Trenar			
	Frode B. Alme	Trenar			
<b>Lillegutar</b>	Christian Pettersen	Lagleiar			
G10	Borgtor Bøyum	Trenar			
2012	Monica W. Tufte	Trenar			
<b>Lillejenter</b>	Helga Maj Myren	Lagleiar			
J10	Reimund B. Loven	Trenar			
2012	David Henjum	Trenar			